



# NMK Vikedal

## Årsmelding 2023

VIKEDAL



*Seierspallen etter ein suksessfullt Landsfinale, både sportsleg og arrangementsmessig, med Petter Leirhol på topp, Sondre Hundseid Eikeland på andre- og Oliver André Matre på tredjeplass.*

Hovudsponsor:



# Haugesund Sparebank



VIKEDAL

# NMK Vikedal

Postboks 101  
5583 Vikedal

**Til alle medlemmer i NMK Vikedal**

Vikedal, 16. februar 2024

## **Innkalling til årsmøte for NMK Vikedal 2023**

Tid: Laurdag 16. mars 2024, kl. 14.00 – ca. kl. 16.30  
Stad: Sjøperlo, Ølen

### **Sakliste for årsmøtet:**

1. Opning ved leiaren
2. Godkjenning av de stemmeberettigede
3. Godkjenning av innkalling, saksliste og forretningsorden.  
Val av ordstyrer, referent og 2 medlemmer til underskriving av møtereferat.
4. Årsmelding
5. Rekneskap
6. Uttale frå kontrollkomiteen
7. Innkomne forslag
8. Fastsetjing av medlemskontingent og andre avgifter
9. Budsjett
10. Val
11. Avslutning ca. kl. 16.30

Eventuelle forslag ein vil at årsmøtet skal ta opp til diskusjon, må sendast styret seinast 2. mars til [karina@nonslidbil.no](mailto:karina@nonslidbil.no)

Endeleg saksliste med årsmelding, rekneskap og budsjett vert lagt ut på heimesidene til klubben seinast 9. mars.

### **For styret i NMK Vikedal**

Karina Nonslid, leiar (sign.)

# ÅRSMELDING 2023

## • Hovedstyret si årsmelding

Styret har bestått av:

Leder:	Karina Nonslid
Nestleder:	Katrine Tveit-Runge
Sekretær:	Elise Teistedal Amundsen
Styremedlem, bil:	Ørjan Strand Eikeland
Styremedlem, anlegg:	Ole Lønning
Styremedlem MX:	Ingrid Haugen
Styremedlem:	Åshild Blikra
Varamedlem:	Geir Utaaker
Regnskap:	Svein Erik Østbø

Styret har hatt 5 styremøter etter årsmøte. Regnskapsfører Svein Erik Østbø har deltatt på alle møter.

Gjennom året har styret jobbet med å etablere rutiner og dokumentasjon på dette for å sikre at kompensasjoner skal være like uavhengig av hvem som sitter i styret og gruppe instruks for å kunne forsikre god og kontrollert drift av klubben.

I mars begynte Tveit Regnskap med prosessen å få til regnskap i Sparebank1 sitt program og få oss momsregistrert. Veien fra Excel ark till regnskapsprogram har vært lang og tidkrevende for både leder Karina Nonslid og regnskapansvarlig Svein Erik Østbø, men i juli kunne vi vise til et halvårs resultatet i det nye systemet. Pga sykdom tok dette lengere tid enn tenkt.

Samarbeidsmøter med hovedstyret og undergruppene, bil, MX og anlegg, ble gjennomført i april og november. I.f.m. møte i april var også landsfinalekomiteen med. Samarbeidsmøtene er for å få opp konstruktive tilbakemeldinger for at klubben skal fungere på best mulig måte. Dersom noen har innspill til forbedring settes det stor pris på om dette blir tatt opp slik at en kan få klubben til å fungere best mulig. Representanter fra styret var med på medlemsmøtene for begge grener som er representert i klubben.

NMK Vikedal er en klubb med veldig mange aktive utøvere, men også veldig mange ildsjeler som gjør at det kan være så stor aktivitet gjennom hele året. Det er viktig å tenke på at hele klubbdriften er basert på dugnad. Det er ikke en bedrift som står bak og betaler lønningene til folk. En må være litt raus og heller spørre en gang for mye enn en gang for lite om noe informasjon er manglende. God kommunikasjon er nøkkelen til et godt samarbeid.

*Rundstykker smøres midt på natten til funksjonærene på landsfinalen.*





*Kick-off ble holdt lørdag 15. april. Mange på både 2 og 4 hjul fant veien for sin første trening for året. Felles grilling og gratis is var populært for store og små*

Landsfinalen er nok det største arrangement klubben har ha, på årevis. Det var veldig kjekt å se dugnadsånden hos medlemmer og ikke-medlemmer for å få til et bra stevne. Hele 10 lokale fører klarte å kvalifisere seg til å kjøre på hjemmebane. VIP plassen var full med inviterte gjester som leder Karina varte opp etter alle kunstens regler: Ordfører Ole Johan Vierdal som overrakte gave til 40 års jubilaranten på kr 5.000,- NMK President Kent Alan Stenslette, NBF generalsekretær Hallgeir Raknerud NMK hovedstyret og hastighetskomiteen. Åsmund Holten laget deilig, lokal fiskesuppe til oss, tusen takk



Ingrid og Katrine begynte jobben med å få til jubileumsdag og -fest. De fikk etter hvert med seg flere i komiteen og lagte til en minnerik dag og kveld for nye og gamle medlemmer.



I forbindelse med markeringen av at klubben er 40 år ble det på kvelden delt ut klubbens fortjenestemerke til ulike personer som har stått på for klubben.

1. Sivert Ole Holten
2. Bastian Reimers
3. Ole Sigve Leifsen
4. Nils Reimers
5. Dag Lygre
6. Bjørn Vikedal
7. Per Gaute Østbø
8. Martin Tveit
9. Jon Bjarte Aarekol
10. Sigurd Andre Maraas
11. Audun Skeie
12. Rita Skeie
13. Olav Nonslid
14. Tor Willy Nielsen
15. Svein Erik Østbø
16. Karina Nonslid



Svein Bjarte fikk dette merke til 60-årsdagen sin.

NMK fortjenestemedalje ble delt ut til Karina og Svein Erik i gull, sølv og bronse. I tillegg fikk Svein Bjarte sin gullmedalje, han har de to andre fra før. Disse medaljer er det general-sekretæren i NMK som godkjenner. Det er mange kriterier som må oppfylles for at disse kan deles ut



Alle som hadde vært funksjonær fikk hver sin rose denne kvelden, en liten symbolsk måte å vise hvor takknemlig vi er for jobben du gjør for klubben.



På NMK sin premiegalla ble Svein Bjarte overasket med prisen «Årets Ildsjel», etter at hemmelige beundrere hadde sendt inn søknad for hans mangeårige jobb i klubben.



Sondre Hundseid Eikeland og Oliver Andre Matre fikk sine velfortjente landsfinalemedaljer.



Hovedstyret takker for et fint motorsportår, og vil oppfordre alle til å fortsette å holde gnisten oppe og være gode klubbkamerater uavhengig av om grenen en brenner mest for er på 2 eller 4 hjul

**Karina Nonslid**  
**Leder for hovedstyret 2023**

# ÅRSMELDINGAR FRÅ KOMITEANE

## • Bilgruppa

Bilgruppa har i 2023 bestått av

- Amalie Rønnevik, gruppeleiar
- Ørjan Strand Eikeland, styrerepresentant
- Sindre Vikedal
- Bjørn Magne Moland Enge
- Kenneth Johansen
- Thomas Hundseid Eikeland
- Elise Jensen
- Sigurd Kilane, H-kurs

Sesongen 2023 har vært ein spennande, lærerik og innholdsrik sesong for Bilgruppa.

Bilgruppa sette opp felles årsgodkjenning i midten av mars. Videre blei det gjennomført hastighetslisenskurs 13.mars i regi av Sigurd Kilane. I år var det 6 stk som gjennomførte og fekk godkjent lisenskurs.

Første planlagte løp blei i år avlyst, på grunn av at det kolliderte med andre kvalifiseringsløp. Årets første løp blei derfor todagaren 20.-21.mai, som blei eit veldig kjekt løp. 19.august arrangerte NMK Vikedal årets landsfinale for bilcross senior. Dette hadde me jobba mykje med i forkant, og takka vere mange gode funksjonærar blei det eit vellykka arrangement. Klubben hadde mange lokale førerar, det blei fint vær, bra med publikum og mykje bud. Eit arrangement klubben har fått mykje skryt av i etterkant. I september var det finaleløp i Vestlandsmesterskapet, med alle klassar på 4-hjul representert. Klubbøpet var 30. september, og blei eit fint arrangement for heile klubben.

I løpet av sesongen har me hatt 21 treningar og to treningshelger. Det har gjennomsnittlig vært godt oppmøte. Liste over treningar er videreført, og årskort var nytt av året.

Det har dei siste åra vært lite rekruttering av nye medlemmer på fire hjul. Bilgruppa har derfor ønska å få til eit bra juniorarbeid, men har ikkje lykkast skikkelig med dette i sesongen 2023. Dette er noko me må bli bedre på i 2024, og det blir derfor eit stort fokusområde.

For sesongen 2024 har NMK Vikedal fått tildelt NM-runde i Rallycross 10.-11.august 2024. Dette gleder me oss til å få arrangere igjen, og håpar mange er interessert i å hjelpe til med planlegging og gjennomføring.

Følgande løp er planlagt i 2024:

- 4.-5.mai BC, RC, CR (VM-runde)
- 8.-9.juni Todagarscrossen, kvalifiseringsløp landsfinale
- 10.-11.august 4. NM/NC-runde Rallycross
- 21. september BC, RC, CR
- 12.oktober Klubbøp, alle greiner

Bilgruppa vil takke alle medlemmer, frivillige og publikum for eit godt motorsport år!

## SPORTSLEGE RESULTATER - BIL

### Crosskart

Endre Stople Enge og Daniel Veland Skeie gjer stadig framskritt i 85 ccm klassen der dei er blant dei yngste. Endre deltok i 5 Norgescuprundar medan Daniel deltok i finalen på Elverum, noko som gav meirsmak.

### Bilcross junior

Vegard Owe vart nr. 9 i Vestlandsmesterskapet i år og best frå NMK Vikedal. Julian Helland vart nr. 2 i finaleløpet etter at han prøvde seg i faren sin Volvo 460 i rallycross. Han vart nr. 14 i VM medan Elise Rønnevik vart nr. 33.

### Bilcross senior

Her var sjølvstøtt målet for dei fleste å kvalifisera seg til Landsfinalen på heimebane 19. august. Det klarte heile 11 av medlemmene våre etter fleire lengre turar på nye banar. Og dei 11 gjorde det svært godt på heimebane blant dei 79 deltakerane:

2. Sondre Hundseid Eikeland
3. Oliver André Matre
6. Sølve Østbø
7. Thomas Hundseid Eikeland
21. Eirik Sandvik
22. Sigbjørn Østbø
25. Stian Espevold
33. Tobias Johansen
34. Bjørn Cato Aarekol
36. Eirik Aasbøe
39. Sondre Åsheim



*Frå A-finalen på Landsfinalen med Petter Leirhol I tet framfor Oliver, Sondre rett bak og Sølve bak han igjen.*



*Seierspallen etter Landsfinalen med Petter Leirhol på topp, Sondre Hundseid Eikeland på andre- og Oliver André Matre på tredjeplass.*

Sidan fokuset var på Landsfinalen, var det ingen som satsa på Vestlandsmesterskapet. Thomas Hundseid Eikeland gjorde det best med 7. plass etter 2. og 3. plass i rundane i Vikedal.

### **Rallycross**

Åsmund Holten satsa på NM I rallycross, men litt svake resultat på dei første rundane gjorde at det akkurat ikkje vart medalje i 2023. Han vann dei to siste rundane på Momarken og Finnskogen, men fekk den litt sure 4. plassen i NM. Med NM-runde på heimebane i august, vert det nok satsa på nytt i 2024. I Vestlandsmesterskapet deltok våre tre aktive berre i opningsløpet i Vikedal. Samanlagt vart Åsmund nr. 5 og Lars Reidar Frøyland nr. 7 i klassen t.o.m. 2400 ccm og Julian Helland nr. 5 i klassen over 2400 ccm.

### **Rally**

Daniel Holten deltok i Rally Treungen i februar, og vart med 5. plass der nr. 22 i Norgescupen for Volvo Original.

- **MX-gruppa**

### **Årsmelding 2023**

Sesongstart i 2023 blei laurdag 25. mars. Banen var ikkje heilt klar men vi kørde avkorta. Vi kunne teste det nye bakkehoppet og breiare øvre travers den 13 mai. Siste trening før vinteren blei ein måned tidlegare enn vanleg, den 28. oktober etter lokale innvendingar mot NMF sin inspeksjonsprosess.

### **REKRUTTERING:**

Om lag 30 nye prøvde motocross for første gong i 2023. Det var litt ned men det blei samstundes skrive ut fleire nasjonale lisensar enn nokon gong. Betalande medlemmer i gruppa var før utgangen av året auka til 146. Talet i 2022 var 138. Det var 17 utmelde slik at talet på nye i 2023 blei pluss 25. Vikedal Motorbane på sitt beste under treningscampen i juli.



*Vikedal Motorbane på sitt beste under treningscampen i juli.*

### **ANLEGG:**

Det ble laga nytt stort «step-up» opp bakken. Det blei bra. Drenering i svingen ovanfor hoppet viste seg nødvendig og er planlagt i 2024.

Det blei planlagt endringar for å gjere bilbanen (bilcross) meir slitesterk før Landsfinalen. Når dette var ferdig hadde vi fått både betongtenner og asfalt i svingen før målhoppet. Det er ikkje er lov i motocross. Løysninga er å dekke over med sand. Det er no to slike kryssingar på banen. Klubben er avhengig av hjullastar for kombinerte aktivitetar.

Det er viktig å fylgje etter med banekvalitet og vedlikehald når aktiviteten aukar. Systematisk vedlikehald gjer beste tryggleik. Skadetalet for 2022 har vore ned til to skader med behov for behandling.

Vi har hatt hjelp frå fire sertifiserte maskinførarar men fekk likevel utfordringar når det la seg på regn heilt frå juli. Det blei gjort ekstra jobb på hausten for å berge dei siste treningsvekene og klubbøpet.

### **KATEGORI C**

Det er gjort ein heil del tiltak for å få banen opp frå kategori D til C. Nye flaggpostar, breiare trasse, grøftereins og plan for ventesone og banedepot. Hausten 2023 blei dette meldt inn saman med nytt hopp. Banen er no inspisert og har sertifikat som C-bane fram til 1.1.2027. Det betyr at vi kan arrangere vestlandsmeisterskap.

NMF er kategoriske i sitt nei til lysflagg. Før sertifisering blei banen rydda med omsyn til fri sikt. Vi kom dermed ned på seks flaggpostar. Då er det mindre behov for lysflagg.

### **AKTIVITET:**

Treningsaktiviteten har halde seg over 1000 økter slik som ifjord. Treningssamling i juli er framleis blant dei største i landet. Vi nytta og banen i Sauda i opplegget. Ingrid er leiar og nyttar moderne system for tilbakemelding for å få fornøgde deltakarar.



*Sommarleiren til NMK Vikedal har vakse til den 2. største i landet! Fellesareala og aktiviteten der er nok ein av grunnane.*

Treningsløpet 17. juni som del av ein serie for Nordfylket var største løpet også i 2023. Vi satsa på eiga tidtaking men fekk eit problem knyta til nettet, så vi måtte over på «VAR» - og filma heata i staden. Det var ein skuffelse, men me lærte i alle fall å feilsøke anlegget. Elles var vi plaga med støv og hadde vanskar med å skaffe funksjonærar til arrangementet.

Det er gjennomført 360 dugnadstimar på skulen, rundt 70 på banen og 90 på sommarleiren. Dugnaden blir utført av ei brei gruppe føresette og aktive. MX gruppa leverte og parkering og billettsal til Landsfinalen i bilcross.

Ny bom har gjort at turistproblemet endeleg er løyst.

## SPORT



*NMK Vikedal sine utøvarar i 50 og 65 klassen som var oppvisninga under klubbbløpet i Vikedal.*

Deltaking i løp utanfor klubben har vore 23 startar. Det er litt tilbake. Klubben hadde 18 deltakarar i den lokale klubbserien som i år gjekk over tre løp. På eige klubbløp hadde vi i år med tre klassar.



*Klubbserien for Nordfylket var innom Vikedal i Juni. Deltakinga var stor. Vi fekk utfordringar med både støv og tidtaking. For fyrste gong fekk klubben ein total vinnar i serien. Det var i største klassen.*

## ØKONOMI:

Grappa har mellom årsmøta vore utan økonomisk informasjon. Ut frå enkle overslag har vi trudd på overskot i drifta. Vi har i kvart samarbeidsmøte uttrykka bekymring over dette.

## ORGANISASJON:

Motocross grappa samlar nær 150 medlemmer under NMF og Idrettsforbundet. MX Grappa sitt styre har ikkje fått saker til behandling i 2023. I samarbeidsmøte har det vore diskutert gjensidig dugnad. Det blir reist forslag til årsmøtet for å ordne dette. Det blir og laga forslag som grunnlag for fast program for klubblop.

## PLAN 2024:

Oversikt i høve til budsjett og kontantreservar gjennom ein lang sesong er nødvendig for drift og utvikling. Medan vi ventar på at dette kjem i orden, har MX grappa vedteke (i allmøte 28.12) å trappe ned til eit ganske grunnleggande tilbod.

Prioriterte aktivitetar i 2024 blir slik:

- Skaffe hjullastar for vedlikehald
- Lage grøft i svingen over step-up
- Finne kjelde til lokal natursand
- Halde treningssamling i juli
- Vurdere ingen eller enklare treningsløp
- Gjere tiltak for å auke deltaking på løp utanfor Vikedal

## • Anleggskomiteen

### Anleggskomiteen 2023

Medlemmer: Ole Lønning  
Sondre Nordtveit  
Rune Reimers  
Svein Bjarte Holten

Grappa har ikkje hatt nokon form for møter, men arbeidet på anlegget har fungert likevel. Det har blitt gjort mykje på både bilbanen og MX-banen, og anlegget elles.

MX-banen: Stort, flott hopp ved bakketopp  
Nye flaggposter  
Breier bane  
Nye gjerder  
Tidtakarsystem

Bilbanen: Nytt startsystem  
Nye curbs i første sving og i «pises-svingen»  
Hopp både i bilcross og rallycross  
Asfalt på startplate, første sving og heile "pises"  
Fjerna flaggposter  
Diverse arbeid med autovern



Ny sluk ved avkjøring av banen  
Nye "sixpack" (dekkpakker) for sikring

Servicebygg: Bobil tømmeasjon  
Renovering av kiosk/kjøkken  
Asfaltering og sluk ved garasje  
Lagt inn fiber



Depot: Ny kiosk  
Nye strømbokser og vannposter  
Montert bom ved nedkjøringa til banen  
Flytta heat-fram tavle



Ellers er det blitt gjort ein kjempejobb med maling av gjerder og bygningar.  
Vil takke alle som har vore med på dugnad både på MX- og bilbanen i 2023. Det er dette som gjer at me i NMK Vikedal har eit baneanlegg så me kan vera stolte av.  
Me var også heldige å få Sandeid fengsel til rydda buskar og kratt på heile anlegget.

For anleggskomiteen  
Svein Bjarte Holten



## BUDSJETT 2022 / REKNESKAP 2022 / BUDSJETT 2023

### Resultat 2023 - NMK

#### VIKEDAL

	2023 Budsjett Totalt	2023 Regnskap Totalt	2023 Regnskap HS/Anlegg	2023 Regnskap Bil	2023 Regnskap MX	2024 Budsjett Totalt	2024 Budsjett HS/Anlegg	2024 Budsjett Bil	2024 Budsjett MX
<b>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>									
3000 Salgsinntekt handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	0,00	5 000,00	5 000,00			0,00			
3100 Sponsorinntekter u/mva	50 000,00	137 500,00	50 000,00	87 500,00		50 000,00	50 000,00		
3110 Sponsorinntekter	210 000,00	195 500,00		77 000,00	118 500,00	218 500,00		100 000,00	118 500,00
3227 Camping	0,00	74 500,00		74 500,00		10 000,00		10 000,00	
3200 Salgsinntekt , kiosk	242 700,00	402 343,16	402 343,16			229 500,00		229 500,00	
3210 Salg av div	0,00	25 000,00		25 000,00		0,00			
3220 Baneleige frå bil og MX	563 100,00	942 340,00	942 340,00			555 600,00	555 600,00		
3228 Parkeringsinntekter	29 250,00	41 100,00		41 100,00		23 750,00		23 750,00	
3229 Billettinntekter	221 000,00	304 300,00		304 300,00		230 000,00		230 000,00	
3230 Startkontingent bil / mx	308 750,00	201 600,00		201 600,00		489 900,00		489 900,00	
3400 Kommunale tilskot (drift)	0,00	65 335,00		32 667,50	32 667,50	64 000,00		32 000,00	32 000,00
3410 Tilskudd kompensasjonsordning	48 000,00	40 704,00			40 704,00	0,00			
3440 Spelemidler / VAF	1 500 000,00	1 500 000,00	1 500 000,00			885 000,00	800 000,00	50 000,00	35 000,00
3900 Anne driftinntekt - NIF, momskompensasjon	270 000,00	276 055,90	63 613,93	73 634,03	138 807,94	305 000,00	40 000,00	150 000,00	115 000,00
3910 Diverse, Overskot bud, startnr	637 000,00	1 720 178,00		1 720 178,00		52 000,00		52 000,00	
3920 Medlemskontingenter	49 000,00	73 105,00		36 552,50	36 552,50	70 000,00		35 000,00	35 000,00
3930 Treningsavgifter	50 000,00	152 510,00		47 210,00	105 300,00	57 000,00			57 000,00
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>	<b>4 178 800,00</b>	<b>6 157 071,06</b>	<b>2 963 297,09</b>	<b>2 721 242,03</b>	<b>472 531,94</b>	<b>3 240 250,00</b>	<b>1 445 600,00</b>	<b>1 402 150,00</b>	<b>392 500,00</b>

<b>VAREKOSTNAD</b>									
4200	Div. stemneutgifter	-214 000,00	-250 991,07	-9 009,14	-241 981,93		-168 000,00		-168 000,00
4220	Pokaler, premier	-77 000,00	-60 607,96		-57 056,96	-3 551,00	-71 500,00		-68 000,00 -3 500,00
4225	Premiepenger, førerar (bil)	-28 240,00	-15 000,00		-15 000,00		-17 400,00		-17 400,00
4230	Innkjøp varer, bruksaktikler som toalettpapir og div	0,00	-29 761,57		-29 761,57		0,00		
4300	Innkjøp av varer for videresalg, kiosk	-151 000,00	-191 858,78		-191 858,78		-135 000,00		-135 000,00
<b>SUM VAREKOSTNAD</b>		<b>-470 240,00</b>	<b>-548 219,38</b>	<b>-230 629,49</b>	<b>-314 038,89</b>	<b>-3 551,00</b>	<b>-391 900,00</b>	<b>0,00</b>	<b>-388 400,00 -3 500,00</b>
<b>Bruttofortjeneste (91%)</b>									
		<b>3 708 560,00</b>	<b>5 608 851,68</b>	<b>2 732 667,60</b>	<b>2 407 203,14</b>	<b>468 980,94</b>	<b>2 848 350,00</b>	<b>1 445 600,00</b>	<b>1 013 750,00 389 000,00</b>
<b>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>									
6320	Renovasjon, vann, avløp o.l.	-25 000,00	-16 689,74		-16 689,74		-18 000,00		-18 000,00
6340	Lys, varme	-34 500,00	-61 757,46		-61 757,46		-65 000,00		-65 000,00
6400	Leie maskiner	-50 000,00	-101 010,00		-50 505,00	-50 505,00	-130 000,00		-65 000,00 -65 000,00
6490	Leige av parkering/campingsområde	-42 130,00	-17 700,00		-17 700,00		-7 375,00		-7 375,00
6491	Leige av grunneier	0,00	-47 230,00		-47 230,00		-58 000,00		-58 000,00
6492	Politi, lege, ambulanse (bil)	-77 000,00	-160 400,65		-160 400,65		-189 000,00		-189 000,00
6493	Leie av bane MX - Bil, interneføringer	-1 126 200,00	-942 340,00		-815 700,00	-126 640,00	-555 600,00		-430 600,00 -125 000,00
6540	Inventar (resultat)	0,00	-6 622,50		-6 622,50		0,00		
6550	Driftsmaterialer	-14 000,00	-27 622,72		-23 088,00	-4 534,72	-4 000,00		-4 000,00
6600	BC / RC Motocrossbane vedlikehold	-2 240 340,00	-2 247 163,74		-511 138,26	-1 586 660,21	-149 365,27	-507 500,00	0,00 -337 500,00 000,00
6620	Publikumsområde, bygninger, brannslukkere	-100 000,00	-297 948,26		-296 385,01	-1 563,25	-275 000,00		-275 000,00
6705	Regnskapshonorar	0,00	-15 329,70		-15 329,70		-20 000,00		-20 000,00
6800	Kontorrekvisita	-2 000,00	0,00				0,00		
6810	Datakostnader	0,00	-2 321,70		-2 321,70		-8 000,00		-8 000,00
6860	Møte, kurs, oppdatering o.l.	-45 000,00	-90 662,82		-37 894,37	-9 868,45	-42 900,00	0,00	0,00 0,00

6900	Mobiltelefon og internett	-13 000,00	-15 827,22	-15 388,22	-439,00	-13 000,00	-13 000,00			
6940	Porto	-13 500,00	-6 040,40	-1 395,86	-4 644,54	-11 000,00		-11 000,00		
7000	Drivstoff transportmiddel	0,00	-5 089,70	-5 089,70		-10 000,00		-5 000,00	-5 000,00	
7040	Forsikring transportmiddel	0,00	-7 566,00	-7 566,00		-8 500,00		-8 500,00		
7090	Annen kostnad transportmiddel	0,00	-4 051,07	-4 051,07		-5 000,00		-5 000,00		
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	-52 000,00	-50 782,99		-50 782,99	-124 000,00		-124 000,00		
7320	Reklamekostnad	-50 500,00	-135 916,84	-32 187,50	-103 729,34	-26 000,00		-26 000,00		
7390	Junioraktivitet	-25 000,00	-12 583,70		-1 500,00	-11 083,70		-100 000,00	-10 000,00	
7395	Reisestøtte senior	0,00	-33 000,00		-33 000,00	0,00				
7430	Gave, ikke fradragsberettiget	-3 000,00	-24 589,00	-24 589,00		-5 000,00		-5 000,00		
7500	Forsikring, anlegg	-32 000,00	-31 688,00	-31 688,00		-34 000,00		-34 000,00		
7530	Forsikring ved arr. (bil)	-28 700,00	-30 270,00		-30 270,00	-30 950,00		-30 950,00		
7550	Budgebyr	0,00	-316 330,00		-316 330,00	0,00				
7560	Approbasjon, billettavg.	-63 237,50	-39 840,00		-28 040,00	-11 800,00		-59 182,50		
7700	Utg. årsfest for vakter/medl.	-30 170,00	-7 326,49	-3 848,35	-3 478,14	-5 000,00		-5 000,00		
7740	Øredifferanser	0,00	0,04	-0,04		0,00				
7770	Bank- og kortgebyr	-20 000,00	-40 888,07	-9 161,06	-29 884,25	-1 842,76		-35 500,00	-9 000,00	
7790	Annen kostnad	0,00	-48,00	-48,00		-8 500,00			-8 500,00	
7798	Løpsavgifter, NMK	-27 500,00	-62 000,00		-62 000,00	-8 500,00		-8 500,00		
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>		<b>-4 114 777,50</b>	<b>-4 858 636,73</b>	<b>-1 151 147,84</b>	<b>-3 308 817,52</b>	<b>-398 671,45</b>	<b>-2 331 607,50</b>	<b>-523 500,00</b>	<b>-1 419 107,50</b>	<b>-389 000,00</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-406 217,50</b>	<b>750 214,95</b>	<b>1 581 519,76</b>	<b>-901 614,38</b>	<b>70 309,49</b>	<b>516 742,50</b>	<b>922 100,00</b>	<b>-405 357,50</b>	<b>0,00</b>
<b>Finans</b>										
8040	Renteinntekt, skattefri	200,00	0,00			0,00				
8050	Annen renteinntekt	0,00	9 815,00	9 815,00		3 000,00		3 000,00		
8150	Annen rentekostnad	-120 000,00	-132 703,21	-132 703,21		-110 000,00		-110 000,00		

SUM Finans	-119 800,00	-122 888,21	-122 888,21	0,00	0,00	-107 000,00	-107 000,00	0,00	0,00
Resultat før skatt	-526 017,50	627 326,74	1 458 631,55	-901 614,38	70 309,49	409 742,50	815 100,00	-405 357,50	0,00
Årsresultat	-526 017,50	627 326,74	1 458 631,55	-901 614,38	70 309,49	409 742,50	815 100,00	-405 357,50	0,00
SUM Resultat 2023	-526 017,50	627 326,74	1 458 631,55	-901 614,38	70 309,49	409 742,50	815 100,00	-405 357,50	0,00

### Noter til rekneskapet:

#### 1. Fordeling av inntekter:

Medlemskontingent, driftstilskot og Grasrotandel er fordelt mellom bilgruppa og MX-gruppa basert på registrerte medlemmer (50% bil, 50% MX). Momskompensasjonen er fordelt etter grunnlaget frå kvar gruppe. For å kompensera for dette, må gruppene betala 30% av inntektene sine i «baneleige» til hovedstyret.

#### 2. Momskompensasjon for nybygget:

Søknaden om momskompensasjonen for nybygget vart levert i 30. nov i fjor. Med full uttelling vil me få utbetalt i overkant av kr. 800.000,- i juni.

#### 3. Behaldning pr. 31.12.2023:

Innskot:

Kassakreditt, 3241.06.00888	Saldo:	110.582,97
Foreiningskonto, 3241.07.01056	Saldo:	1.009.966,25
Kasse	Saldo:	0,00

Lån, 3240.83.90922	Saldo:	1.951.734,00
--------------------	--------	--------------

## **Innkømne forslag:**

### **Frå MX-gruppa:**

#### **Dugnad mellom gruppene**

Etter idretten sin definisjon skal *dugnad* redusere den konkrete kostnaden som elles hadde falle på den enkelte utøvar. For drifta og anlegget er dugnadsansvaret likt for alle medlemmene. Men i høve til arrangement høyrer vi til to forskjellige forbund og rekneskap.

#### **Forslag:**

Med gruppevis resultatrekneskap blir det mogeleg å utveksle *dugnad* mellom gruppene slik at det får direkte verdi som det var dugnad i eiga gruppe:

Arrangørar frå ei gruppe kan spørje om dugnadsbidrag frå den andre gruppa. Motytinga er tilsvarande dugnad. Alternativet kan vera inntektsfordeling.

Det primære er altså motyting i dugnadstimar. For at dette skal virke i praksis må det leverast liste med namn og nummer til mottakar. Mottakar er namngitt og har ansvar for å koordinere motytinga med namneliste på same måte.

#### **Kvifor:**

Det er moro å vera med på store arrangement. Med ein tydeleg avtale kan klubben nytte sine eigenskapar som fleiridrettslag til å auke arrangementskapasiteten. Avtalen skal og sikre at medlemmene ikkje opplever ein utydeleg dugnadsforventning.

-----

Forslaget er stilt av MX gruppa i allmøte  
Ølensvåg 28.12.2023

#### **Klubblop**

NMK Vikedal har brei gruppe aktive knyta opp i to ulike forbund. Det betyr at vi må balansere fleire regelverk når vi skal ha felles kubblop. Dette skal vera mogeleg så lenge vi held oss til lukka løp. Det mest krevjande er reglane for barneidrett. Dette regelverket har ambisjon om å ta vare på idrettsgleda til ungane og sikre at arrangementet er tilrettelagt tilsvarande. Faktorar som blir vektlagt er reiseveg, tid, fellesskap og meistring.

#### **Forslag:**

1. Løpsfunksjonar skal vera felles der det er mogeleg
2. Tidsplanen skal vera fastlagt seinast ei veke før løp
3. Gruppestyra som representerer forbunda (NBF og NMF) skal utarbeide planen

Kontakt for barneidrett skal godkjenne planen Lengste tid frå seinaste frammøte til start på fysisk aktivitet for yngste klasse bør vera under 60 minutt

Programmerte opphald mellom aktivitet bør vera maksimalt 90 minutt

Det bør gjerast felles innkjøp av premiar for klassar med rangering (aldersgrense 11 år)

Det skal ikkje gjevast anna enn deltakarpremie i klassar med fleirtal av utøvarar under 12 år

#### **Kvifor:**

Det kombinerte klubblop er både moro og tradisjon. Ein fast køyreplan som tar omsyn til born og unge er viktig for å kunne halde arrangementet samla.


-----

Forslaget er behandla av MX styret  
Ølen 15.02.2024

## **Forslag frå Sondre Nordtveit:**

1. Kan kost for anleggsmaskinførerkurs relatert til hjullaster på motorsportanlegget, dekkes av klubben? Det må maskinførerbevis på maskiner over 15kw.
2. Promotering av NMK Vikedal ved å produsere en klubbfilm, der det er fokus på klubbens bredde i motorsportgrener. Sosiale medier er kommen for å bli, å eg tenkjer me kan nå ut til fleire medlemmer om me hadde fått presentert fram ein NMK Vikedal promo. film.

## Valkomiteen sitt forslag for 2024



\*) Styreplass frå MX-gruppa og kontakt for barneidretten

\*\*\*) Styreplass frå Bilgruppa